

Ola Jonsmoen:

Nennsom song – alvorleg arbeid – musikalsk dirigent

Per Sandmæl og Alvdal Mannskor

Den 5. august i 1931 får lærar Per Sandmæl i Alvdal eit brev eg vil tru han sette stor pris på, og eg er temmeleg sikker på at han siterte brevet for medlemmene av Alvdal mannskor på første øving etter sommarferien. I dette brevet roser Geburg Aasland koret i velvalte ord. Han er tydelegvis ikkje alltid like imponert av mannskorsong, men han har hørt koret i radio sist søndagskveld, som det står, og er imponert. Han skriv at “... *sangen klang aldeles utmerket. Stemmene var så jevne og pene, tenorene klang så rent, og det var slik kultur over sangen, at det var en virkelig nytelse å høre på, og jeg er nokså kresen når det gjelder musikk, for det er en av de få ting her på denne jord, som jeg innbiller mig, at jeg har en del forstand på. Rent foredragsmessig var det en nennsomhet over sangen, som røpet et alvorlig arbeide og en meget musikalsk dirigent*”.

Ord med vekt frå ein kjennar

Dirigenten, Per Sandmæl, hadde god grunn til å vere stolt. Han var den første dirigenten for Alvdal Mannskor, og dirigerte koret med fast hand, lyst humør og sikker musikalsk innsikt. Det vart sagt at Alvdal Mannskor var eitt av dei beste i Østerdalen, og det var ikkje

bare Geburg Aasland som gav det ros. Men hans ord hadde naturlegvis ekstra vekt, for han var ein landskjent musikkar, komponist og kåsør, og eit menneske alle visste om etter tallaustr mange konsert- og foredragsturnéar.

Geburg Aasland vart blind to veker gammal og hadde av forstålege grunnar blindesaka som hjartebarn. Som idégievar, inspirator og organisasjonstalent vart han ein viktig person i arbeidet for alle synshemma her til lands, kanskje mest fordi han vart både eit forbilde og ein uvanleg evnerik kontaktskapar. Men det var musikk og kulturformidling som vart livsgjerninga hans og som skaffa han og familien levebrød, og dei mange reisene på langs og tvers av Norge gjorde han til ein elska rikskjendis lenge før ordet var teke i bruk.

Geburg Aasland – organist og kulturformidlar

I dag er det helst bare dei eldste som hugsar namnet Geburg Aasland. Til gjengjeld vil dei kunne fortelje om eit menneske med eineståande talent for å rive folk med seg med ord og musikk, gjerne samansett til fint balanserte program, som både hadde nerve og

som dessutan bar fram ein bodskap som skapte respekt for pågangsmot og livsvilje, og som dessutan i kunstnarleg form skapte avveksling i kvardagane og gav idéar og inspirasjon til folk kringom i landet. Han var ofte på besøk nord i Østerdalen i regi av folkeakademina, og Per Sandmæl hadde kontakt med Geburg Aasland ved fleire høve etter det brevet han fekk i 1931. Ein gong gjekk han fram og takka Aasland for restitasjon, foredrag og musikk, kort sagt for den opplevinga tilhørarane hadde fått. Aasland gjorde Sandmæl reint handfallen da han sa: Du er gammallik deg, Sandmæl. Han kjente Sandmæl att på stemma

Fordi til og med kjente namn går i glømmeboka, tar eg med somme reint biografiske fakta, slik at ein kan plassere Geburg Aasland inn i eit historisk perspektiv. Han var fødd i Kragerø, levde frå 1886 til 1970, verka som lærar ved Musikkonservatoriet i Oslo frå 1905 til 1916, og var organist i Ullern kirke frå 1910 til 1956. Han skreiv fleire orgel- og klaverstykke, korverk og mye meir, slik det er står i eit leksikon. Mellom dette “mm.” er tonen til bygdasongen for Alvdal. Han var også eit skrivande menneske med ordet som uttrykk, ikkje bare tonene. I 1968 gav han ut boka *I kamp med skjebnen*. Her har biskop Johannes Smidt eit forord der han seier at Aaslands reiser er nesten eventyrlege. *“Alene fant den blinde mann veien frem til de fjerneste steder, selv om sneen hadde lagt seg og det var nærmest ufremkommelig for en mann i hans stilling.”* Han var eit viljesmenneske, skriv Smidt, som *“hadde – uten bok og noter – et repertoar av en annen verden. At det så kom et lengre klassisk sitat, en fortelling, ja*

en god historie på kjøpet, øket ikke lite han popularitet i folket. For humøret var alltid i behold”.

Song og fest på Merierisalen

Alvdalssongen er skriven av Trygve Gjelten. Teksten vart offentleggjort i ei ramme av spenning og festivitas.

Songnemnda som hadde hatt til oppdrag å få skrive ein bygdasong for Alvdal, bad inn til stor fest på Meierisalen i mars 1941 og meir enn 500 menneske hadde møtt fram. *“Under åndeløs stillhet gjorde formannen i nemnda, K. Knutsen, kjent at forfatteren av sangen var lærer Trygve Gjelten”*, skriv Arbeidets Rett. Teksten vart trykt i Fjell-Ljom same våren, og seinare publisert på ulike måtar, mellom anna i bygdeboka for Alvdal. Med små endringar er det same teksten ein syng i dag. Sjeldare etter kvart, må me vel dessverre medgje. Det er den skjebnen bygdesongane har fått, men det er nok meir eit teikn i tida enn eit resultat av at tekst og tone ikkje held mål.

Sjå Alvdal, bygda vår, mot dagens smiler

Tonen, som nemnt, var komponert av Geburg Aasland, og Alvdal Mannskor hadde innøvd songen til festen på Meierisalen, bra framført og godt motatt, slik det står i det historiske oversynet som vart laga da mannskoret var 50 år. Formuleringa er litt forsiktig, kanskje ikkje underleg sidan forfattaren av skriftet er den same Trygve Gjelten

som også var opphavsmann til songen. Han var i eitt og alt ein beskjeden mann, som nok hadde vanskar med å finne sterkare ord akkurat i denne saka.

Tonen er mannskorets eigeidom og er tileigna Harald Jensen (1900 - 1958), som tok over som dirigent etter Per Sandmæl, og vart i likskap med forgjengaren sin ein legende for korsong- en i Alvdal.

Alvdal Mannskor –suksess som nykomar blant veteranar

Alvdal Mannskor vart stifta 6. mars 1915 etter initiativ av Olav Nyeggen, Per Steien og Anders Nesteby, og med den drivande dyktige og inspirerande dirigenten sin, vart koret temmeleg snart ein musikalsk institusjon i Alvdal. Mannskoret song offentleg for første gongen 17. mai same året som det vart stifta, og det vart etter kvart godt kjent for sin musikalske kvalitet i heile Østerdalen. Koret vart med i Østerdalens Sangerforbund i 1926, og under forbundsstemnet på Røros i 1927 møtte koret som ein Askeladd og song så godt at det vart skildra som ein sensasjon.

Koret hadde 19 medlemmer stiftingsåret. Det voks til godt over 30, og jamvel om det gjekk litt opp og ned med medlemstalet, hadde koret i åra framover ein imponerande musikalsk aktivitet, slik ein framleis må seie at det har, med nye og dristige songlege satsingar attåt meir trygt repertoar. Jubileumsskriftet som kom ut i 1965 da mannskoret feira 50, refererer til eitt år (1926) og bruker det som illustra-

sjon på dei mange og ulike oppdrag koret hadde, frå konsertar til underhaldningsinnslag ved fest og stemne og i kjerkja, attåt 30 øvingane på sein kveldstid attpå lange arbeidsdagar.

Den 6. februar song mannskoret på fest i Alvdal mållag, den 13. februar på fest i Folkets Hus, den 13. mars bondefest på Meierisalen, den 8. mai på fest i frelsesarmeen, den 17. mai fleire stader i bygda, den 24. mai var det samøving med Alvdal, Strand og Plassen mannskor, den 5. juni hadde koret konsert i Basheim ved Strømmen, den 27. juni var det kjerjekonsert, den 18. juli song karane på Kolbotn-stemnet, den 4. september heldt dei konsert ved Egnund, 1. juledag i kjerkja og 2. juledag på julefest i ungdomslaget Dovreguten. Dette eksemplet på songglede fortel at koret både vart sett pris på og sjøl sette pris på å la seg høre. Dei gjorde ikkje skilnad på folk, som ein ser, nådde alle og må tydelegvis ha gledd mange.

Samværglede – viktig stimulerande faktor

Mannskoret forstod verdien av å satse på sosiale tiltak attåt songen. Den 6. mars i 1927 hadde dei skirenn på Nysetra, hopplengdene varierte frå 0,30 til 12 - 14 meter, langrennsløypa var 3-400 meter, og etterpå var dei gjester hos professor Baral på Tronsvangen, fekk fisk og rømmegraut og måtte synge, ikkje minst fleire av Barals eigne songar på 40 - 50 vers.

Koret kom saman til song også i okkupasjonstida. Den 17. mai hadde dei til dømes hyggekveld på Søstu Sivil-

haug hos Magne Bjørnstad, og gamle og kjære, ikkje minst patriotiske songar gav alt folket som var samla i den romslege Østerdalsstua på Sivilhaugen sårt tiltrengt oppmuntring

Per Sandmæl – den talentfulle pådrivaren

Alvdal mannskor hadde mange gode songarar, som etter kvart hadde skaffa seg musikalsk skolering og ikkje minst utvikla sans for samklangen mellom tekst og tone. Men grunnlaget vart skapt frå første stund av dirigenten og det må ha vore han som gav koret musikalske ambisjonar og utvikla sansen for disiplin og innsats. Det kan ikkje vere tvil om at Per Sandmæl, var den store inspiratoren og pådrivaren. Han var dessutan ein musikalsk tolkar som vann gjetord innan Østerdalens Sangerforbund og langt utom.

Musikklæraren Ivar Skårset, ofte nytta som solist i Østerdalens Sangerforbund, sjøl komponist og songleiar, samtalte ofte med Per Sandmæl, er det fortalt, og undras særleg over korleis han bar seg åt for å få til eit så fulltonande kor, med så rik evne til å tolke ein tekst på musikalsk vis. Per Sandmæl svarte oftast at sjølv teksttolkinga skapte liv i songen. Ikkje ein einaste strofe var tekstleg lik. Dermed måtte òg det musikalske, sjølv songen, variere frå strofe til strofe og såleis få fram den stemninga og den budskapen som komponist og forfattar hadde meint å skape.

Lærer halvannan mannsalder

Kven var han så, Per Sandmæl? Han var fødd på Tolga i 1870, tok lærareksamen i Elverum i 1894, hadde lærarpost i eitt år i Hallingdal (i Opheim skolekrets, Torpo i Ål), men kom som ung og ivrig lærar til Egnund-Ryeng skolekrets i 1895 (Skolen ved Egnund oppført i 1863). der han mellom anna hadde son til Hulda og Arne Garborg i skolen eit halvår, og fekk vakkert takkebrev frå Arne Garborg (Sjå Randi Arnestads artikkel i den nyutkomne boka *Mye Arne, – mest Hulda*). Seinare vart Per Sandmæl tilsett som lærar ved Baugen skole frå 1898. I 1924 kom han til Alvdal Storskole, i dag Steigen skole, der han arbeidde til han gjekk av med pensjon.

Offentlege ombod – ivrig idealist

Lærarane vart mye brukt i all slags offentleg arbeid. Slik var det òg med Per Sandmæl, som var formann i skolestyret i noen år, formann i likningsnemnda, medlem av soknerådet og med i styret for sjukerøkta og brannkassa. Men han er best hugsa som ein ivrig idealist, og kulturberar, med særleg interesse for frivillig organisasjonsarbeid, ungdomslag, mållag, songkor, kort sagt aktivitet og brei folkeopplysning. Han var formann i ungdomslaget Dovreguten i mange år, og som før nemnt dirigent for Alvdal mannskor i heile 20 år. I dag ville vel vi kalle han ei eldsjel og ein utrøtteleg miljøarbeidar. Beste eksemplet på at målsak og musikk smelta saman hos han er den nye tonen han komponerte til Arne Garborgs fedrelandssong, Gud signe

Norigs land. Melodien vart publisert i Norsk Toneblad. Ikkje underleg at ein person med slike interesser og med slik musikalsk utrusting verka som kjerkesongar i fleire år (1934 - 1939).

I 1908 kjøpte Per Sandmæl garden Bakken og busette seg der med kona Gudlaug (fødd Bakken 1892). Dei to fekk 6 barn, tre gutar og tre jenter. Han døydde i 1960, nær 90 år gammal.

Ola Jonsmoen
Cand. philol., forfattar,
tidlegare rektor,
2560 Alvdal

Kjelder:

*Gammelt frå Alvdal og Folldal 1991,
Historielaget Fredriks Gave*

*Trygve Gjelten: Sangen har lysning.
Litt om Alvdal Mannskor gjennom 50 år,
1965*

Mye Arne, – mest Hulda, 2001

*Einar Steimoeggen: Bygdebøkene for Alvdal,
Garden og ætta 1952 og
Bygda gjennom tidene 1966*

*Geburg Aasland: I kamp med skjebnen,
1968*



Alvdal Mannskor i sine velmaktsdager i 30-åra, med dirigenten Per Sandmæl foran.